



Temo Rørservice AS  
Salhusvegen 55  
5131 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1111 - 17/12930

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
10.05.2017

## Løyve til dispensasjon og løyve til etablering av minireinseanlegg med avlaupsrøyr - gbnr 88/7 Marås

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Einar Marås  
**Ansvarleg søker:** Temo Rørservice AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av minireinseanlegg og tilhørende røyr for fritidsbustaden på gbnr 88/7. I dag har fritidsbustaden kverntoalett med biotank, det er difor snakk om oppgradering av eksisterande avlaupshandtering.

Søknaden omfattar etablering av minireinseanlegg og tilhøyrande røyr knytt til dette anlegget.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.03.2017.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:



I 2011 ble det installert kverntoalett med biotank for avskilling av fast/flytende brunvann. Fastavfallet fra dette ble fortsatt nedgravd i terreng på eiendommen, mens veske skulle dreneres ut i terreng via en infiltrasjonsgrøft. Dette fungerer ikke tilfredsstillende selv om vannforbruket kun er ca 0,5 l/spyling. Årsaken er at grunnforholdene har for dårlig drenering. Vi må tidvis fortsatt bruke vår "gamle" løsning.

For å få en best mulig og miljøvennlig avløpsløsning ønsker vi nå å installere et minireinseanlegg for alt avløp fra eiendommen, der både gråvann og brunvann renses før utslipp.

Vi mener at dette vil gi en miljømessig stor og nyttig forbedring.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Saka vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland den 10.04.2017. Det er ikkje innkome uttale i saka.

#### **Nabovarsel**

Saka gjeld oppgradering av ei eksisterande avlaupshandtering. Minireinsenalegg er per i dag eit av de beste reinseløysinga for private avlaupsanlegg. Fritidsbustaden vil difor sikra seg eit forbedra og tryggare utslepp. På bakgrunn av dette vert det gjeve fritak i frå nabovarsle. Ein finn at nabobar og gjenbuarar sine retter vert stetta gjennom tiltaket i seg sjølv.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.03.17.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Det er søkt om utsleppsløyve for minireinseanlegg. Dette er handsama i eiga vedtak.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **VURDERING**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsynlova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempen dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Tomta ligg innafor LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel. Fritidsbustaden ligg omkransa av skog og elles på et lågare nivå i forhold til jordbruksmark i nærlieken.

Anlegget og deler knytt til anlegget skal gravast ned og er difor ikkje synleg i landskapet, dette er vektleggast i denne dispensasjonsvurderinga. Skog og turområdet skal framstå open for ålmenta og i liten grad bygd med bygg og tekniske installasjoner knytt til desse bygga. Det er difor eit vilkår at anlegget og leidningar er nedgravde heilt fram til utsleppstad.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF oppfylt.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel for oppføring av minireinseanlegg.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl. § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for oppføring av minireinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.03.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket, eller deler av tiltaket kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

#### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1111**

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Einar Marås

Kokstadgrenda 2 5257

KOKSTAD

## Mottakarar:

Temo Rørservice AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG